

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Bull i underetasjen, Grand hotel Terminus, ekstra møte
<b>Dato:</b>	04.10.2016
<b>Tid:</b>	09:00

Du vert med dette kalla inn til ekstra møte i fylkesutvalet.

### Program:

Kl 09:00      Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Anne Gine Hestetun  
utvalsleiar



## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 233/16	Godkjenning møteinnkalling		
PS 234/16	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 235/16	Referatsaker (meldingar)		
PS 236/16	Regionreforma - intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion	2015/1434	
PS 237/16	Ymse		

**PS 233/16 Godkjenning møteinnkalling**

**PS 234/16 Godkjenning møtebok forrige møte**

**PS 235/16 Referatsaker (meldingar)**



Arkivnr: 2015/1434-6

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	236/16	04.10.2016
Fylkestinget	73/16	04.10.2016

## Regionreforma - intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion

### Samandrag

Som ein del av regionreforma er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion. Forhandlingane om intensjonsplan vart slutført i Førde, 15.september, og signert av dei tre fylkesordførarane.

Det signerte utkastet til intensjonsplan vert lagt fram for første gangs handsaming på fylkestinga i dei tre vestlandsfylka i oktober. Det er her aktuelt å gjere vedtak mellom anna om å leggje intensjonsplanen for etablering av ein Vestlandsregion ut på offentleg høyring. Etter denne høyringa vil intensjonsplanen bli lagt fram for endeleg handsaming på fylkestinget i desember 2016, der fylkestinget må ta stilling til om det er aktuelt å sende ein søknad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om samanslåing av Hordaland fylkeskommune med andre fylkeskommunar.

I lys av det som ellers føregår av nabosamtalar om aktuelle regionløyisingar, særskilt i austlandsområdet, ser fylkesrådmannen det som viktig å etablere ein sterkast mogleg folkevald vestlandsregion for å ivareta og sikre nødvendig balanse i eit nytt regionkart.

Fylkesrådmannen ser på intensjonsplanen og forhandlingsresultatet som eit godt utgangspunkt for å etablere ein sterk folkevald ny Vestlandsregion, og som eit tilstrekkeleg rammeverk for fellesnemda sitt arbeid med endeleg politisk og administrativ organisering av den nye regionen.

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å leggje intensjonsplanen for samanslåing av fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ut på ei brei, offentleg høyring fram mot endeleg handsaming av intensjonsplanen på fylkestinget i desember. Høyringsinstansane bør omfatte statlege, regionale statlege og kommunale styresmakter samt andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar. Fylkesrådmannen føreset at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke.

Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i oktober, ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion på fylkestinget i desember, rår fylkesrådmannen til at forhandlingsutvalet får fullmakt til å starte ein ny dialog med enten Rogaland fylkeskommune eller Sogn og Fjordane der det vert vurdert andre moglege nye regionløyisingar.

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.
3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i oktober, ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion på fylkestinga i desember, får forhandlingsutvalet fullmakt til å starte ein ny dialog med enten Rogaland fylkeskommune eller Sogn og Fjordane der det vert vurdert andre moglege nye regionløyisingar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion
- 2 Referat forhandlingsmøte, 18.-19.august, Solstrand Fjordhotel
- 3 Referat forhandlingsmøte, 1.-2.september, Sola Strand Hotel

## Fylkesrådmannen, 12.09.2016

### 1.0 Bakgrunn for saka

I samband med at Stortinget handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» 2.6.2015 vart det vedteke at fylkeskommunene skal inviterast inn i kommunereforma, og at regjeringa tar sikte på å legge fram forslag til eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017.

Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, «Invitasjon til å delta i reformprosessen», inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Som ein del av regionreforma er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion. Forhandlingane om intensjonsplan vart slutført i Førde, 15.september, og signert av dei tre fylkesordførarane.

Det signerte utkastet til intensjonsplan vert lagt fram for første gangs handsaming på fylkestinga i dei tre vestlandsfylka i oktober. Det er her aktuelt å gjere vedtak mellom anna om å leggje intensjonsplanen for etablering av ein Vestlandsregion ut på offentleg høyring. Etter denne høyringa vil intensjonsplanen bli lagt fram for endeleg handsaming på fylkestinget i desember 2016, der fylkestinget må ta stilling til om det er aktuelt å sende ein søknad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om samanslåing av Hordaland fylkeskommune med andre fylkeskommunar.

### 2.0 Meld.St.22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver

Regjeringa la 5.4.2016 fram Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver» om oppgåver og funksjonar til eit nytt regionalt folkevald nivå. Regjeringa legg her opp til at dagens fylkeskommunar vert erstatta av omlag 10 folkevalde regionar. Regjeringa vil gjennomgå dei statlege regioninndelingane (fylkesmannen mfl.) i lys av dei nye grensene for det regionale folkevalde nivået.

Dei nye regionane skal få ei forsterka samfunnsutviklarrolle innan område som gjeld samfunns- og arealplanlegging, klima og miljøvern, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Samfunnsutviklingsarbeidet krev samarbeid med offentlege styremakter som regionalt folkevald nivå ikkje har instruksjonsmynde over, og å mobilisera private aktørar og lokale og regionale interesser. Det betyr å ha ein langsiktig og heilskapleg plan for sin eigen region, slik det er omtalt i Meld..St. 22 (2015-2016) Nye folkevalde regioner – rolle, struktur og oppgaver.

#### Samfunns- og arealplanlegging

Departementet peikar på behovet for at dei folkevalde regionane utviklar ein overordna arealpolitikk, med arealkart, retningslinjer og i nokon grad bruk av regionale planbestemmelsar. Dette gjeld blant anna for kystsona, fjellområda og i byregionar. I meldinga er det ikkje omtalt nye konkrete oppgåver eller utvida ansvar på dette området.

#### Klima og miljø

Det er foreslått å overføra fylkesmannen sitt ansvar og rolle innan friluftsliv til nye folkevalde regionar, og fylkesmannen sitt ansvar for statleg eigde og sikra friluftsområde vil bli vurdert med sikte på overføring til større folkevalde regionar. Det blir ikkje vurdert som aktuelt å foreslå ytterlegare overføring av klima- og miljøoppgåver frå fylkesmannen til nye folkevalde regionar.

Integrering

Det vil bli vurdert korleis nye folkevalde regionar kan innta ei sterkare rolle i integreringsarbeidet. Det er ikkje vurdert som aktuelt å foreslå endringar i ansvar for oppgaver som i dag ligger hos Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Utdanning og kompetanse

Regionane får ansvar for å leggja til rette for samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for etter- og vidareutdanning.

Kultur

Det er foreslått å overføra ein del oppgåver som ligg hos Riksantikvaren til regionalt folkevald nivå.

Samferdsel

Hovudmodellen for vegansvar mellom fylkeskommune og stat skal oppretthaldast. I samband med NTP rulleringa skal det vurderast om enkelte vegar skal omklassifiserast. Regionane får ansvaret for ordninga med tilskott til private lufthamner. Det skal vurderast om regionane skal få ansvar for kjøp av innanlands flyruter.

Næringsutvikling

Regionane får ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale virkemiddelaktørar for forskning, innovasjon og næringsutvikling. Det er ikkje vurdert som aktuelt å overføra landbruksoppgåver fra fylkesmannen til nye folkevalde regionar. Det vert foreslått eit toårig forsøk, der ein folkevald region får ansvaret for regionale næringsprogram for landbruket som i dag vert forvalta av fylkesmannen.

**2.1 Handsaming av regionmeldinga**

I samband med handsaminga av Innst. 377 S (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – roller, struktur og oppgaver, vart det fatta tre vedtak i Stortinget, 8.juni 2016:

## «Vedtak 821

Stortinget ber regjeringen sette ned et ekspertutvalg som skal foreslå ytterligere nye oppgaver til regionene når den nye regionstrukturen er fastlagt, og senest våren 2017.

## Vedtak 822

Stortinget ber regjeringen i regionreformen sørge for at administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon) blir underlagt de nye folkevalgte regionene.

## Vedtak 823

Stortinget ber regjeringen i forbindelse med regionreformen styrke nytt regionalt folkevalgt nivå's rolle i integreringsarbeidet i forbindelse med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor.»

Hovedkonklusjonen etter handsaminga i Stortinget er at det førebels er lite avklart kva som skal overførast som nye oppgaver til det regionale folkevalde nivået. Det klaraste vedtaket er kanskje det som gjeld «sams vegadministrasjon». Stortinget legg her opp til at den delen av sams vegadministrasjon som har oppgåver og ansvar for fylkesvegnettet skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane/regionane. Dette er ikkje ei uvesentleg oppgåveoverføring. Av totalt 7 500 tilsette i Statens vegvesen, arbeider omlag 6 000 i ute i Statens vegvesen sine regionar, hovedsakeleg med planlegging og drift av riks- og fylkesvegnettet.

### 3.0 Vedtak om «nabosamtalar» og forhandlingsutval

Fylkestinget i Sogn og Fjordane, i vedtak frå 9.12.2015, sette fram ønske om at dei fire vestlandsfylka ( Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) utgreier ein folkevald landsdelregion på Vestlandet. Fylkestinget i Rogaland fatta vedtak 1.3.2016 om at Rogaland fylkeskommune er positiv til innleiande nabopratt med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agderfylka med mål om å forhandla fram ein intensjonsavtale for ein utvida region.

Fylkestinget i Hordaland oppnemnte 9.3.2016 eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetja samtalar/nabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandla fram ein intensjonsavtale for ein utvida Vestlandsregion. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane oppnemnde i møte 18.4.2016 eit slikt forhandlingsutval frå Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland oppnemnde i møte 26.4.2016 eit slikt forhandlingsutval frå Rogaland. Det vart også oppnemnt politiske styringsgrupper for forhandlingsutvala.

Fylke	Forhandlingsutval	Styringsgruppe
Sogn og Fjordane	<ul style="list-style-type: none"> <li>Jenny Følling - fylkesordfører (Sp)</li> <li>Åshild Kjelsnes - fylkesvaraordfører (Ap)</li> <li>Noralv Distad - fylkestinget (H)</li> <li>Alf Reidar Myrstad - Utdanningsforbundet</li> <li>Tore Eriksen - fylkesrådmann</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fylkesutvalet med tillegg av dei tre gruppeleiarane i fylkestinget frå FrP, SV og MDG.</li> </ul>
Hordaland	<ul style="list-style-type: none"> <li>Anne Gine Hestetun – fylkesordfører (Ap)</li> <li>Pål Kårbø –fylkesvaraordfører (Krf)</li> <li>Terje Søviknes – fylkestinget (Frp)</li> <li>Tore Andersen – YS/Parat</li> <li>Rune Haugsdal - fylkesrådmann</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar Raudt</li> </ul>
Rogaland	<ul style="list-style-type: none"> <li>Solveig Ege Tengesdal – fylkesordfører (Krf)</li> <li>Marianne Chesak – fylkesvaraordfører (Ap)</li> <li>Janne Johnsen – fylkestinget (H)</li> <li>Trond Nerdal – fylkesrådmann</li> <li>Ingeborg L. Tyse - Utdanningsforbundet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fylkesutvalet med tillegg av gruppeleiar SV og representant fra tillitsvalde.</li> </ul>

### 4.0 Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen

Forhandlingsutvala har hatt fire felles samlingar for å forhandla fram ein intensjonsplan for ein framtidig Vestlandsregion.

30.juni 2016	Garder Kurs og Konferansesenter, Gardermoen
18.-19.august 2016	Solstrand Fjordhotel, Os
1.-2.september 2016	Sola Strand Hotel, Sola
14.-15.september 2016	Sunnfjord Hotel, Førde

Referat frå dei to første forhandlingssamlingane er vedlagt saka. I tillegg har det vore arrangert felles møte mellom styringsgruppene i Bergen, 23.august 2016. Undervegs i forhandlingsperioden er det gjennomført informasjons- og avklaringsmøte mellom politisk og administrativ leiing i fylkeskommunane og statsråd Jan-Tore Sanner, KMD, 7.september 2016.

I samband med forhandlingane om intensjonsplanen er det gjennomført utgreiingsarbeid i regi av fylkesrådmennene.



Den vedlagte intensjonsplanen for samanslåing av vestlandsfylka, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, inneheld ulike element og tema som det er gjennomført forhandlingar og avklaringar rundt. I arbeidet med kommune- og regionreforma er det utarbeidd veileदारar til utforminga av slik intensjonsplanar, som eit grunnlag for vedtak om samanslåing.

#### **4.1 Kort om intensjonsplanen**

##### Mål og formelle avklaringar

Det overordna målet i intensjonsplanen er at Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. I tillegg er det semje om seks hovudmål som grunnlag for Vestlandsregionen:

1. Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region
2. Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet
3. Høg kvalitet i tenestene
4. Strategisk infrastrukturbygging
5. Kultur og identitetsbygging
6. Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Intensjonsplanen legg fast ei rekkje sentrale punkt som handlar om førebuing, utforming og organisering av ein framtidig Vestlandsregion:

- I arbeidet med førebuing og innføring av Vestlandsregionen vert det for perioden 2017- 20 oppnemnd ei fellesnemnd utgått frå dei tre fylkestinga i samsvar med ordningane i Inndelingslova. Nemnda vert samansett av 30 medlemmer frå fylkestinget i Sogn og Fjordane (7), Hordaland (12) og Rogaland (11). Arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda vert fastsett i reglement vedteke i fylkestinga.
- Under fellesnemnda skal det setjast ned eit arbeidsutval med 11 medlemmer, der Sogn og Fjordane får 3 representantar, Hordaland 4 representantar og Rogaland 4 representantar.
- Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes - /regionvåpen som skal vere eit samlande symbol.
- Regiontinget får 71 representantar.
- Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region - /fylkestingsvalet 2019 som godkjend overgangsordning, og for Stortingsvalet etter at det er gjort nødvendige grunnlovsendingar knytt til valordninga. Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.
- Formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.
- Bergen vert administrasjonssenter med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.
- Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Samlingar utover dette vert lagt til administrasjonssenteret.
- Regionutvalet sine møte vil i hovudsak vere lagt til administrasjonssenteret. Møta i hovudutvala for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel bli lagt til

Stavanger. Møta i hovudutval for samferdsle vil som hovudregel bli lagt til Leikanger/Førde.

### Politisk og administrativ leiing

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval: samferdsle, næring, opplæring og kultur og idrett. Regionutvalet og administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av Vestlandsregionen. Dette omfattar eit overordna ansvar for regional planlegging, økonomisk planlegging, klima, miljø og folkehelse. Hovudutvalsstrukturen danner utgangspunktet for administrativ organisering og leiing.

Hovedutval	Administrativ leiing (geografisk lokalisering)
Næring	Rogaland
Opplæring	Rogaland
Samferdsel	Rogaland: Kollektivtransport Sogn og Fjordane: Veg
Kultur og idrett	Sogn og Fjordane: Kultur Rogaland: Idrett

Fylkesrådmannen vil understreke at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i alle dei tre fylka. Tilsette skal kunne halde fram med å arbeide innanfor dei ulike sektorane sjølv om dei ikkje bur og arbeider der den administrative fagleiinga har hovudsete. Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til endeleg politisk og administrativ organisering innanfor desse rammene. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og samtlege nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast.

### Prinsipp for framtidig tenesteyting

Vestlandsregionen skal vidareutvikle tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur. Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane på Vestlandet gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig til bod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting. Befolkningsutviklinga legg premisser for regionen si disponering av økonomiske ressursar, og er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt ut vinklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot storbyane og distrikta.

### Arbeidsgjevaransvaret og dei tilsette i regionreforma

Vestlandsregionen vil vere ein stor offentleg organisasjon med langt fleire tilsette enn det dei tre fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med. Eit viktig mål er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Arbeidsmiljølova kap. 16 - 4 regulerer dei tilsette sine rettar ved verksemdsoverdraging. Her heiter det at overdraging av verksemd til annan arbeidsgjevar i seg sjølv ikkje er grunn for oppseiing eller avskjed frå tidlegare eller ny arbeidsgjevar. Ingen som er tilsette i dei tre fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal difor kunne seiast opp som direkte følgje av samanslåinga.

Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med. Medarbeidarar som eventuelt blir overtallige som følgje av ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter samtalar og drøftingar i samsvar med lov - og avtaleverk. Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtallige som direkte følgje av samanslåinga, skal vare i fem år frå samanslåings-dato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess. Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei mulegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for overgangsordningar skal også ha fem års varigheit frå samanslåingsdato.

Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitik, og som skal vurdere ei harmonisering av dei tilsette sine løns - og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtallige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad. Samanslåinga skal ikkje svekke arbeidstakarorganisasjonane.

### Økonomi

Disponibel formue m.m. frå dei tre fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarane, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen. Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, blir fylket gitt høve til å byggje opp investerings – og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av Fjord1 A S skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings - og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr. Fellesnemnda skal utarbeide forslag til vedtekter for fondet. Regiontinget forvaltar fondet, men kan ev. delegere oppgåva til eit fondsstyre.

### Vilkår i intensjonsplanen

Forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland slutta seg 15.09.16 til intensjonsplanen, men valde å tydeleggjere følgjande fem vilkår for å etablere ein Vestlandsregion:

- Viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane har i dag.
- Ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring skal framleis liggje til regionnivået.
- Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen, og at fylka i denne prosessen ikkje vert delte.
- Dei tre fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leing frå Sogn og Fjordane.

## **5.0 Høyring og vidare prosess**

### Formelle krav ved endring av fylkesgrenser

Inndelingslova § 10 regulerer formelle krav vedrørande innbyggjarhøyring i samband med endring av kommunegrenser på følgjande måte:

*«§ 10. Innbyggjarhøyring*

*Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.»*

Frå rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) H-10/15:

*«Fylkeskommunane er ikkje omfatta av regelen om innbyggjarhøyring. I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) s. 37 påpeiker departementet at fylkeskommunane står fritt til å sjølv å høyre innbyggjarane i ei konkret sak, dersom dei finn det tenleg. Slik høyring bør i tilfelle finne stad i samråd med dei aktuelle kommunane»*

I brevet om nabopraten frå Kommunal – og moderniseringsdepartementet, datert 2. juli 2015, framgår det at departementet ønskjer at innbyggjarane vert involverte i prosessane:

*«Departementet ønsker at fylkeskommunene også skal involvere innbyggerne i prosessene og vil gi 200 000 kroner per fylke i støtte til informasjon og folkehøring når fylkeskommunene har gjort vedtak om hvordan de planlegger å høre innbyggerne.»*

I innstillinga frå Kommunal- og forvaltningskomiteen til Meld.St.22 (2015-2016) Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver, er det formulert følgjande fleirtalsmerknad om kommunane si rolle i prosessen med regionreforma:

*“Komiteen s f l e r t a l l, m e d l e m m e n e f r a Høyre, Fremskr itt s p a r t i e t, K r i s t e l i g F o l k e p a r t i o g V e n s t r e, viser til at regionreforma vil få konsekvenser for samhandlingen mellom kommunene, regionen og staten. I grenseområdene mellom de nye regionene kan det også være ulike meninger om hvor regiongrensene skal trekkes. Det er derfor viktig at kommunene engasjerer seg og deltar i prosessen med regionreforma.»*

*«F l e r t a l l e t m e n e r a t k o m m u n e n e s i n n s p i l l o g s å m å v e k t l e g g e s i d e t v i d e r e a r b e i d e t m e d r e g i o n r e f o r m e n.»*

**Høyringsopplegg**

I forhandlingane om intensjonsplan mellom fylkeskommunane på Vestlandet for etablering av Vestlandsregionen er det avklart at den enkelte fylkeskommune vurderer og fastset opplegg for høyring og medvirkning fram mot endeleg handsaming av intensjonsplanen på fylkestinga i desember. I utgangspunktet er det tre ulike måtar å gjennomføre ei slik høyring på:

- Offentleg høyring
- Innbyggjarundersøking
- Folkeavrøysting

Innanfor den tiden som er til rådvelde fram mot fristen for tilbakemelding til departementet om nabosamtale, 1. desember 2016, vil det ikkje vere praktisk muleg å gjennomføre ei folkeavrøysing i Hordaland på intensjonsplanen om etablering av ein Vestlandsregion. Dessutan er det sannsynleg å forvente ei heller låg valgoppslutning ved ei slik folkeavrøysting slik som ein har sett ved tilsvarende folkeavrøystingar ved enkelte kommunesamanslåingar.

Etter fylkesrådmannen sitt syn kan det stillast spørsmål om det er rett å gjennomføre ei innbyggjarundersøking. Ei innbyggjarundersøking går i korte trekk ut på at eit representativt utvalg

i ein populasjon blir stilt eit utvalg av spørsmål om samanslåinga. Grunnlaget og prosessen med forhandlingane om intensjonsplanen er heller lite kjent blant innbyggjarane i fylket, slik at fylkesrådmannen er usikker på verdien og nytten av resultatane av ei slik undersøking.

Fylkesrådmannen vil derimot peike på behovet for at kommunane og andre regionale samarbeidspartar i Hordaland vert invitert inn prosessen med regionreforma på Vestlandet. Gjennom at den framforhandla intensjonsplanen vert lagt ut på offentleg høyring, kan kommunane og andre ulike interesser få komme med innspel og synspunkt som kan inngå i fylkestinget sitt beslutningsgrunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion.

Fylkesrådmannen vil føreslå at det i samband med høyringa av intensjonsplanen også blir lagt fram ein rapport som inneheld felles utgreiingsarbeid som fylkesrådmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har utarbeidd som grunnlag for intensjonsplanforhandlingane.

#### Vidare prosess

Det er fastsett følgjande timeplan for gjennomføring av fylkesting i oktober og desember i dei tre vestlandsfylka:

	Fylkesting oktober	Fylkesting desember
Sogn og Fjordane	18.10	6.12
Hordaland	05.10	13.-14.12
Rogaland	25.10	01.12

Slik fylkestinga i oktober er beramma no, kan høyringa først starte etter at fylkestinget i Rogaland har gjort sitt vedtak 25.oktober. For å få til ein rimeleg høyringsperiode på 6 veker vil det vere aktuelt å beramma ekstraordinære fylkesting i desember i alle fylka.

## **6.0 Om regionreforma i andre fylke**

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal nedsette 24.5.2016 eit forhandlingsutval med mandat til å avklara premissar og føresetnader for nabosamtalar med Sogn og Fjordane, Sør- og Nord-Trøndelag og Oppland. Forhandlingsutvalet skulle vurdere etter ein avklaringsrunde om det var grunnlag for å gå vidare til reelle nabosamtalar. Møre og Romsdal fylkeskommune hadde 29.6.2016 «nabopraten» med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Møre og Romsdal deltek per i dag ikkje i nokon samtalar eller forhandlingar om samanslåing.

Fylkeskommunane i Aust Agder og Vest Agder er i nabosamtalar om å etablere ein Agderregion. Agderfylka har i tillegg også hatt orienteringsmøte med Telemark fylkeskommune og med Rogaland fylkeskommune.

Oppland og Hedmark fylkeskommunar er i samtalar om å gå saman i region Innlandet. Det kan også bli aktuelt at nordre delar av Akershus går med i region Innlandet.

Buskerud fylkeskommune har sagt nei til ein «Bu-Te-Ve» region. Buskerud fylkeskommune, Akershus fylkeskommune, Østfold fylkeskommune og Vestfold fylkeskommune held no på med å med å utarbeida ein intensjonsavtale for å gå saman i ein Viken region. Østfold, Akershus, Vestfold og Buskerud fylkeskommunar hadde felles fylkestingssamling om regionreforma 8.-9. september.

Fylkestinget i Vestfold handsama 15. 9.2016 sak om vidare prosess. Fylkestinget vedtok at Vestfold fylkeskommune primært ønskjer ei samanslåing med Buskerud og Telemark. Forhandlingsutvalet fekk mandat til å fortsetja forhandlingar med både Akershus/Buskerud/Østfold og Telemark/(Buskerud) om desse ønskjer dette. Etter dette vedtaket er Østfold, Akershus og

Buskerud fylkeskommunar samde om å halda fram arbeidet med ein Viken region utan Vestfold fylkeskommune.

Fylkestinga i Nord Trøndelag og Sør Trøndelag vedtok 27.4.2016 å søka Stortinget om å slå saman Sør-Trøndelag og Nord Trøndelag til eit fylke frå 1.1.2018. Stortinget vedtok 8.06.2016 å slå saman dei to fylka til eit fylke.

Fylkestinget i Finnmark gjorde vedtak 25.3.2015 om at Finnmark må «bestå som eget fylke», og har signalisert dette i nabosamtale med Troms fylkeskommune i april 2016. Men fylkestinget vedtok 8.juni 2016 å fortsetja nabosamtalane med Troms- og Nordland fylkeskommunar.

Fylkestinget i Troms gjorde vedtak 16.3.2016 om å ta kontakt med Finnmark fylkeskommune og Nordland fylkeskommune for nabosamtalar. Fylkesrådet i Troms vedtok 8.9.2016 mandat og forslag til organisering av arbeidet. Arbeidet i første fase konsentrerer seg mot Finnmark fylkeskommune.

Nordland fylkeskommune er per i dag ikkje med på regionforhandlingane i nord.

## 7.0 Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen legg til grunn at eit stortingsfleirtal ønskjer at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Stortinget slo i behandlinga av Meld. St. 22 (2015 - 16) i tillegg fast at ei styrka samfunnsutviklarrolle krev større regionar. Stortinget slutta seg difor til at landet bør delast inn i om lag ti nye folkevalde regionar frå 01.01.20. Større regionar vil kunne leggje til rette for breie fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige roller og oppgåver. Ti regionar vil også kunne styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og folkevalde regionar.

I lys av det som ellers føregår av nabosamtalar om aktuelle regionløysingar, særskilt i austlandsområdet, ser fylkesrådmannen det som viktig å etablere ein sterkast mogleg vestlandsregion for å ivareta og sikre nødvendig balanse i eit nytt regionkart.

Fylkesrådmannen ser på intensjonsplanen og forhandlingsresultatet som eit godt utgangspunkt for å etablere ein sterk folkevald ny Vestlandsregion, og som eit tilstrekkeleg rammeverk for fellesnemda sitt arbeid med endeleg politisk og administrativ organisering av den nye regionen.

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å leggje intensjonsplanen for samanslåing av fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ut på ei brei, offentleg høyring fram mot endeleg handsaming av intensjonsplanen på fylkestinget i desember. Høyringsinstansane bør omfatte statlege, regionale statlege og kommunale styresmakter samt andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar. Fylkesrådmannen føreset at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke.

Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i oktober, ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion på fylkestinget i desember, rår fylkesrådmannen til at forhandlingsutvalet får fullmakt til å starte ein ny dialog med enten Rogaland fylkeskommune eller Sogn og Fjordane der det vert vurdert andre moglege nye regionløysingar.



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune



Rogaland  
fylkeskommune

## INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND

### INNHALD

<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>2.</b>	<b>Mål for samanslåing</b>	<b>2</b>
<b>3.</b>	<b>Eit nytt regionalt folkevalt nivå på Vestlandet</b>	<b>4</b>
3.1	Regionen sitt namn og merke	
3.2	Representantar i regiontinget	
3.3	Regionen si valordning	
3.4	Politisk styreform	
3.5	Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6	Regiontinget sine samlingar og utvala sine møte	
<b>4.</b>	<b>Leiing, organisering, arbeidsdeling</b>	<b>5</b>
<b>5.</b>	<b>Framtidig tenesteyting i Vestlandsregionen</b>	<b>6</b>
<b>6.</b>	<b>Tilsette</b>	<b>6</b>
<b>7.</b>	<b>Økonomi</b>	<b>7</b>
<b>8.</b>	<b>Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden mot 2020</b>	<b>7</b>
<b>9.</b>	<b>Val av nytt regionting</b>	<b>8</b>
<b>10.</b>	<b>Premisser for Vestlandsregionen</b>	<b>8</b>

15.09.2016

## 1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vil slå saman dei tre fylka frå 01.01.2020. Dagens tre fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekker store deler av Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga etter at det er gjennomført ei offentleg høyring av planen hausten 2016. Dei tre fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 1,1 mill. innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire store samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag.

## 2. MÅL FOR SAMANSLÅING

### Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

### Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Vestlandsregionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn det fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

#### Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

### Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke byområde.

#### Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busettingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnerskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege byområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnerskapane sine satsingsområde.
- Vestlandsregionen skal medverke til å etablere ein god og tydeleg balanse mellom dei store byområda.

### Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonane og næringslivet på Vestlandet.



#### Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

### Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergjar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsveggar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekker regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

### Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbyggerane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar. Frå demokratisk samling og utvikling i mellomalderen til å vere ein landsdel med stor grad av internasjonalt samarbeid og handel i vår tid. Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtilbod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

### Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg, der kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

#### Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i Vestlandsregionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

### **3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ VESTLANDET**

#### **3.1 Vestlandsregionen sitt namn og merke**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei tre noverande vestlandsfylka.

#### **3.2 Representantar i regiontinget**

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 71 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (valordning).

#### **3.3 Regionen si valordning**

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019 som godkjend overgangsordning, og for Stortingsvalet etter at Stortinget har gjort nødvendige grunnlovsendingar knytt til den norske valordninga.

Ei slik ordning vil vere i tråd med, og ei vidareføring av, gjeldande norsk vallov, men grenseinndelinga må justerast gjennom grunnlovsending.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

#### **3.4 Politisk styringsform**

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

#### **3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing**

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

#### **3.6 Regiontinget sine samlingar og utval sine møte**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Samlingar utover dette vert lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet sine møte vil i hovudsak vere lagt til administrasjonssenteret. Møta i hovudutval for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel bli lagt til Stavanger. Møta i hovudutval for samferdsle vil som hovudregel bli lagt til Leikanger/Førde.

#### 4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDELING

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og følgjande fire hovudutval:

- Samferdsle
- Næring
- Opplæring
- Kultur og idrett.

Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast.

Regionutvalet og administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av Vestlandsregionen. Dette omfattar ansvaret for mellom anna følgjande strategiske samordningsområde:

Regionutvalet:

- Regional planlegging
- Økonomisk planlegging
- Klima og miljø
- Folkehelse

Administrasjonssjefen:

- Strategisk planlegging og utvikling
- Økonomisk styring
- HR
- IKT
- Bygg- og eigedom
- Kommunikasjon
- Andre sektorovergripande funksjonar som folkehelse, klima og miljø.

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for administrativ organisering (leiingsdeling).

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ leiing (geografisk plassering)</u>
Næring	Rogaland
Opplæring	Rogaland
Samferdsle	Rogaland: Kollektivtransport Sogn og Fjordane: Veg
Kultur og idrett	Sogn og Fjordane: Kultur Rogaland: Idrett

Ei slik administrativ organisering skal ivareta både strategiske og operative funksjonar. Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i alle dei tre fylka.

## 5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen vidareutviklar tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggarane på Vestlandet gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Befolkningsutviklinga legg premissar for regionen si disponering av økonomiske ressursar, og er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot storbyane og distrikta.

## 6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.

Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei tre fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei tre fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærare drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg.

Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein mellom anna tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjevar kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

## 7. ØKONOMI

Disponibel formue m.m. frå dei tre fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarane, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, blir fylket gitt høve til å byggje opp investerings- og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av Fjord1 AS skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr.

Fellesnemnda får i oppgåve å utarbeide forslag til vedtekter for fondet. Regiontinget vil forvalte fondet, men kan ev. delegere denne oppgåva til eit eige fondsstyre.

## 8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020

I arbeidet med innføring av Vestlandsregionen vert det oppnemnd ei fellesnemnd som går ut frå dei tre noverande fylkestinga i samsvar med ordningane nedfelte i Inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av til saman 30 medlemmer frå fylkestinget i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, med følgjande fordeling av representantar:

Fellesnemnda skal til saman ha 30 medlemmer fordelt på følgjande måte:

- Sogn og Fjordane: 7 representantar
- Hordaland: 12 representantar
- Rogaland: 11 representantar

Under fellesnemnda skal det settast ned eit arbeidsutval med 11 medlemmer fordelt slik:

- Sogn og Fjordane: 3 representantar
- Hordaland: 4 representantar
- Rogaland: 4 representantar
- Leiar i arbeidsutvalet er ikkje fastsett.

Arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett i reglement som må vedtakast i dei respektive fylkestinga.

## 9. VAL AV NYTT REGIONTING

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

## 10. PREMISSE FOR VESTLANDSREGIONEN

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande premisser for å etablere Vestlandsregionen:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei tre fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.

Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

Førde, 15. september 2016

Jenny Følling  
Fylkesordfører  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

Anne Gine Hestetun  
Fylkesordfører  
Hordaland  
(sign.)

Solveig Ege Tengesdal  
Fylkesordfører  
Rogaland  
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend  
i fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.



## REGIONREFORMA: REFERAT ETTER FORHANDLINGSRUNDE NR. 1 MELLOM ROGALAND, HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNAR

---

Dato:	18.-19. august 2016
Møtestad:	Solstrand hotell og bad, Os kommune
Forhandlingsutvala:	Anne Gine Hestetun, Bente Bondhus (dag 1), Pål Kårbø (dag 2), Tore Andersen, Terje Søviknes, Rune Haugsdal, Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Alf Reidar Myrstad, Noralv Distad, Tore Eriksen, Arne Bergsvåg (dag 1), Solveig Ege Tengesdal (dag 2), Marianne Chesak, Ingeborg Lovise Tyse, Janne Johnsen, Trond Nerdal.
Andre til stades:	Rasmus Laupsa Rasmussen (politisk rådgjevar), Atle Sandal (Karabin AS, føredrag), Terese Haaland (informasjon), Kari Jøsendal (sekretær/referent), Thorbjørn Aarethun (sekretær/referent), Ole I. Gjerald (sekretær/referent).

---

### 1. Opning av møtet og godkjenning av møtereferat frå samlinga 27.05.2016

- Fylkesordførar Anne Gine Hestetun opna møtet.
- Møteleiar for dag 1, fylkesrådmann Trond Nerdal, gjekk kort i gjennom møtereferatet frå samlinga på Garder kurs- og konferansesenter 27.05.16. Referatet vart godkjent utan merknader.
- Fylkesordførarane innleide kort om fylkestinga sine vedtak knytt til regionreforma i juni 2016. Alle fylkestinga godkjende dei førebelse innhaldspunkta i intensjonsplanen som det no vert forhandla om.

### 2. Mål for etablering av Vestlandsregionen

Det var i drøftingane omkring kap. 2 i intensjonsplanen semje om følgjande hovudelement:

- Overordna mål: Etablere ein ny sterk, kompetent og attraktiv Vestlandsregion under folkevald styring. Vestlandsregionen skal vere ei tydeleg motvekt til (auka) statleg styring.
- Hovudmål 1: Vestlandsregionen skal, innanfor dei strukturane som vert valde, sikre ei mest muleg effektiv forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet, der kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta. Vi stryk formuleringa «...og lettadministrert forvaltning.»
- Hovudmål 2: Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonane og næringslivet på heile Vestlandet.
- Hovudmål 3: Demokratisk meirverdi: Meirverdien ved færre fylkes-/regiontingmedlemer vart drøfta. Målet bør endre overskrift til: «Meir makt til folkevalde regionar». I drøftingane om framtidige mål med å etablere ein Vestlandsregion vart det peikt på at vi tydeleg bør framheve at regionnivået bør behalde dagens fylkeskommunale oppgåver og at vi samtidig må få overført nye, viktige samfunnsoppgåver dersom ein Vestlandsregion skal gje demokratisk meirverdi.
- Hovudmål 4: Eventuelt få inn omgrepet *livskraft* eller *vekstkraft* (meir offensive omgrep).



- e) Hovudmål 5 (nytt): Sikre ein framtidssretta infrastruktur på Vestlandet. I dette ligg betra samband internt og mot resten av Noreg og Europa. Stikkord er «vekstkraft og næringsutvikling». Inkluderer også digital infrastruktur som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næring.

Andre drøftingstema under denne økta:

- f) Det ligg til grunn ein føresetnad om nye oppgåver, jf. forventningsbrevet av 15.03.2016, for at det skal etablerast ein ny region. Vedtak og politisk debatt i Rogaland er særleg tydeleg her. Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 1,1 mill. innbyggjarar at vi får overført fleire store samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag.
- g) Vi må tydeleggjere kva omgrepet «attraktiv» inneber når vi nyttar dette i intensjonsplanen (omgrepet må få eit felles innhald).
- h) Det er viktig at vi unngår å bygge opp eit fjerde forvaltningsnivå for å kompensere for store avstandar og for utfordringar knytt til ein storregion og mange småkommunar (jf. forholdet 1:85).
- i) Samfunnsutviklarrolla inneber at vi kan bidra til, og legge til rette for, å oppretthalde og sikre busetnadsmønster m.m. Men vi kan ikkje som region vedta dette åleine.

### 3. Framtidig tenesteyting i Vestlandsregionen

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om temaet prinsipp for framtidig tenesteyting i Vestlandsregionen. Det vart halde ei innleiing om temaet før forhandlingsutvala gjekk i fylkesvise gruppemøte. Det var i drøftingane av [kap. 5](#) i intensjonsplanen semje om følgjande element:

- a) Vestlandsregionen vidareutviklar tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur for å yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane på heile Vestlandet – både i dei store byane, dei mindre sentra og i vestlandsbygdene. I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar arbeider Vestlandsregionen vi for å oppretthalde busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig og aktivt næringsliv.
- b) Fylkeskommunale/regionale tenester skal bidra til innbyggjarane sitt beste. St.meld. 22 (2015-2016) legg stor vekt på at framtida krev brei samordning av sektorar for å utvikle gode tenester. Samordning på tvers av tradisjonelle sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting. Eit sentralt omgrep vil vere «matriseleiing».
- c) Befolkningsutviklinga legg premisser for fylkeskommunen/regionen si disponering av økonomiske ressursar, og er med på å leggje rammene for regionalt utviklingsarbeid og tenestetilbod. Det vil i framtida vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot storbyane og distrikta.

Andre drøftingstema under denne økta:

- d) Det vart drøfta om dei vidaregåande skulane (vidaregåande opplæring) bør tydeleggjerast særskilt i intensjonsplanen sitt kap. 5 om prinsipp for den framtidige tenesteytinga. Brukarperspektivet bør synleggjerast, og det vart konkludert med at intensjonsplanen synleggjer fleire tenesteområde.
- e) Det kan t.d. nemnast særskilt at framtidig tenesteyting bør innebere tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring og regionalt næringsliv.
- f) Bør vi operere med spesifikke detalj-/sektormål i prosessen rundt intensjonsplanen? Fleire var skeptiske til å gå for langt ned i sektorvise problemstillingar i denne fasen.

#### 4. Tilsette og regionreforma

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om temaet tilsette og regionreforma. Det vart halde ei innleiing om temaet før forhandlingsutvala gjekk i fylkesvise gruppemøte. Det var i drøftingane av kap. 6 i intensjonsplanen semje om følgjande element:

- a) Eit mål er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Vi må difor sikre størst muleg ro i organisasjonen ved å fastsette eit vern mot oppseiing. Endring i stilling og arbeidsoppgåver må kunne reknast med, og her skal gjerast eit grundig arbeid retta mot dei tilsette i tråd med gjeldande lov og avtaleverk. Eit fleirtal i forhandlingsmøtet støtta at stillingsvernet bør fastsettast til tre – 3 – år, men det vart ikkje endeleg konkludert her.
- b) Forhandlingsutvala konkluderte vidare med at det skal settast ned ei arbeidsgjevarpolitisk prosjektgruppe som frå 01.02.2017 får i oppgåve å starte planlegginga av gjennomføringsarbeidet basert på alle gjeldande retningsliner, rettleiingsdokument og lovverk knytt til verksemdsoverdraging.
- c) Gruppa skal ta utgangspunkt i dei personalpolitiske retningsliner og verkemidlar som bør leggst til grunn i ein samanslåingsprosess (verksemdsoverdraging), og i den tilpassingsperioden som følgjer etter at det er gjort formelle samanslåingsvedtak.
- d) Arbeidet skal særleg vektlegge hovudavtalen sin del B, arbeidsmiljølova sitt kap. 16, hovudtariffavtalen sitt kap. 1 samt føringar i inndelingslova og kommunelova.

Andre drøftingstema under denne økta:

- e) Dei tillitsvalde bad forhandlingsutvala vurdere eit vern mot oppseiing på fem år.
- f) Innspel om at ingen få sine lønsvilkår forringa som følgje av regionreforma.
- g) Vi bør i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk vurdere om ressursane retta mot tillitsvalde bør oppretthaldast, eller ev. aukast, gjennom omstillingsperioden.
- h) Viktig formulering knytt til oppseiingsvernet: «...som har direkte konsekvens av regionaliseringa». Innanfor vidaregåande opplæring er det ei kontinuerleg tilpassing ut frå elevane sitt søknadsmønster. Personalplanlegging av denne typen bør ikkje omfattast av oppseiingsvernet.
- i) Partssamansette grupper får mandat å arbeide konkret med som ledd i gjennomføringa av samanslåingsarbeidet. Dette arbeidet startar når lokale vedtak ligg føre.
- j) Det bør utarbeidast eigne retningsliner om rimeleg reisetid.
- k) Det må leggst opp til gode interne prosessar mellom dei tillitsvalde og andre hovudtillitsvalde.
- l) Grunngevinga for eit oppseiingsvern i Trøndelagsregionen på fem år er knytt til alderssamansetting. Vi bør kartlegge alderssamansettinga tilsvarande (i alle fall for sentraladministrativt tilsette).
- m) Det er mange område som må harmoniserast; både IKT-system (med ulike kontraktar, driftsavtalar m.m.). Behov for betydelege ressursar sett av i alle fylkeskommunane for å «lande» dette.

#### Dag 2

Møteleiar fylkesrådmann Rune Haugsdal, Hordaland fylkeskommune.

#### 5. Nøkkeltal og økonomioversyn

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat som synte nøkkeltal og økonomioversyn for dei tre fylkeskommunane. Det vart halde ei innleiing om temaet før forhandlingsutvala drøfta temaet. Det var i drøftingane av kap. 7 i intensjonsplanen semje om følgjande element:

- a) Eit utgangspunkt er at disponibel formue frå dei tre fylkeskommunane skal disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarane, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.
- b) Med utgangspunkt i nøkkeltal, historikk og økonomisk no-situasjon reserverer Vestlandsregionen eit nedsett fond med utgangspunkt Sogn og Fjordane sitt geografiske område. Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane utarbeider ei ny formulering som tek omsyn til at dei tre fylkeskommunane går inn i ein felles region med ulike netto formuesverdier og ulike lokale driftsinntekter i form av aksjeutbytte og netto konsesjonskraftvinst. Framlegget skal syne storleik og grunngjeving for eit Sogn og Fjordane-fond, og framlegget skal drøftas under forhandlingsrunde nr. 3 frå 14.–15.09.16.
- c) Utgreiings-/oversynsnotatet «Nøkkeltal og samla økonomioversyn – bruk av disponibel formue m.m.» vert ferdigstilt og utsendt til forhandlingsrunde 3, jf. innspel/ønske frå forhandlingsutvala. Det vil då vere ein føremon dersom fylkesrådmennene/sekretariatet også har sett nærare på korleis Vestlandsregionen ville ha kome ut økonomisk i dag, dersom vi slo oss saman no.
- d) Her vil det vere tenleg å få fram talstørrelser som viser korleis regionen samla sett ville ha kome ut (samanslåing av fylka i inntektssystemet).

Andre drøftingstema under denne økta:

- e) Det vil vere relevant å utarbeide kalkylar for korleis tala vil sjå ut samla sett for regionen. Vi må då ta tydeleg atterhald om at rammeverket kan bli endra dersom det blir ei regionreform.
- f) KMD seier at inntektssystemet vil bli endra kvart 5. år. Det biletet må vi leve med.
- g) Vi må legge ei god plattform og ei felles forståing for fylkeskommunane sine nøkkeltal og økonomiske oversyn per i dag. Vidare må vi truleg leve med uvisse ein periode og halde fast på eit langsiktig perspektiv i regionreformprosessen.

## 6. Fellesnemnd – samansetting og rolle

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om temaet. Det var i drøftingane av [kap. 8](#) i intensjonsplanen semje om følgjande hovudelement:

- a) Samansetting av fellesnemnd gjeldande for overgangsperioden fram mot 2020.
- b) Under dette temaet i intensjonsplanen var det tilslutning til at fellesnemnda til saman skal ha 30 medlemmer fordelt på følgjande måte:
  - Sogn og Fjordane: 7 representantar
  - Hordaland: 12 representantar
  - Rogaland: 11 representantar
- c) Under fellesnemnda skal det settast ned eit arbeidsutval med 11 medlemmer fordelt slik:
  - Sogn og Fjordane: 3 representantar
  - Hordaland: 4 representantar
  - Rogaland: 4 representantar
  - Leiar i arbeidsutvalet vart ikkje fastsett.

Andre drøftingstema under denne økta:

- d) Sentrale oppgåver for fellesnemnda for overgangsperioden fram mot 2020 er å førebu budsjett for 2020 og tilsette administrasjonssjef.
- e) KS har utarbeidd retningsliner for fellesnemnda sitt arbeid.
- f) Fellesnemnda bør starte arbeidet med ein gong Stortinget har gjort vedtak. Dette er en stor jobb.

## 7. Val av nytt regionting

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om temaet. Det vart halde ei innleiing før forhandlingsutvala drøfta dette. Det var i drøftingane av kap. 9 i intensjonsplanen semje om følgjande:

- a) Representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom det ordinære kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Dette vil synleggjere framdrifta i prosessen med etableringa av Vestlandsregionen for innbyggjarar og veljarar på Vestlandet.

## 8. Andre avklaringar

- a) I kommunelova sin §10 om «Saksutgreiing» er det ein bestemmelse om at kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring (innbyggjarhøyring), og at dette kan skje ved folkeavstemming, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte. Etter som det berre er kommunestyret som er nemnt her, betyr det truleg at bestemmelsen om innbyggjarhøyring formelt ikkje gjeld for fylkessamanslåing. Det vert likevel tilrådd at reglene vert følgde på same måte.
- b) Vi bør utforme grunnlagsnotata slik at desse innbyr til konklusjonar/vedtak i høve intensjonsplanen sine ulike kapitlar.

-----



## REGIONREFORMA: REFERAT FRÅ FORHANDLINGSRUNDE NR. 2 MELLOM ROGALAND, HORDALAND OG SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNAR (UTKAST)

---

Dato:	1.–2. september 2016
Møtestad:	Sola Strand Hotel, Sola kommune
Forhandlingsutvala:	Anne Gine Hestetun, Pål Kårbø, Tore Andersen, Mona Røsvik Strømme, Rune Haugsdal, Solveig Ege Tengesdal, Marianne Chesak, Ingeborg Lovise Tyse, Janne Johnsen, Trond Nerdal, Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Alf Reidar Myrstad, Trude Brosvik, Tore Eriksen.
Andre til stades:	Rasmus Laupsa Rasmussen (politisk rådgjevar), Atle Sandal (Karabin AS), Terese Haaland (informasjon), Ingvild Ramstad (informasjon, dag 1), Kari Jøsendal, Kjell Ove Hauge, Thorbjørn Aarethun, Ole I. Gjerald (referentar/sekretariat).

---

### 1. Opning av møtet

- a) Fylkesordførar Solveig Ege Tengesdal opna møtet.
- b) Møteleiar for dag 1, fylkesrådmann Tore Eriksen, gjekk i gjennom agendaen for forhandlingsdagane, og orienterte om at møtet først ville starte etter eit avklaringsmøte mellom fylkesordførarane.

### 2. Møtereferat frå forhandlingsrunde 1 i Os (18.-19.08.16)

Følgjande merknader og innspel kom til utsendt møtereferat frå forhandlingsrunde 1:

- a) Det vart peikt på at det ikkje vart halde fylkesvise gruppemøte i samband med alle sakene som var oppe under forhandlingane 18.-19.08. Vi skil i endeleg møtereferat mellom tema der det vart halde fylkesvise gruppemøte og tema der gruppemøte ikkje var nødvendig.
- b) I drøftingane om framtidige mål med å etablere ein Vestlandsregion vart det peikt på at vi tydeleg bør framheve at regionnivået bør behalde dagens fylkeskommunale oppgåver og at vi samtidig må få overført nye, viktige samfunnsoppgåver dersom ein Vestlandsregion skal gje demokratisk meirverdi.
- c) Det ligg til grunn ein føresetnad om nye oppgåver for at det skal etablerast ein ny region, jf. forventningsbrevet av 15.03.2016. Vedtak og politisk debatt i Rogaland er særleg tydeleg på dette, og dette bør forsterkast tydeleg i innleiinga til intensjonsplanen.
- d) Målsettingane i kap. 2 i intensjonsplanen bør vise tydeleg at ein felles Vestlandsregion skal arbeide for å levere betre tenester overfor innbyggjarar, kommunar, næringsliv og regional partnerskap enn fylkeskommunane gjer kvar for seg i dag.
- e) Eit punkt som bør reflekterast tydelegare i det vidare arbeidet er utfordringane som ligg i spenninga mellom storbyane i Rogaland og Hordaland. Vi bør ha høg bevisstheit til konkurransen og spenninga som kan oppstå i enkeltsaker mellom Bergen og Stavanger.

### 3. Regionen sitt namn og merke

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om temaet Vestlandsregionen sitt namn og merke. Det vart halde ei innleiing før forhandlingsutvala drøfta temaet. Det var i drøftingane av [kap. 3.1](#) i intensjonsplanen semje om følgjande hovudelement:

- a) Namnet på regionen blir Vestlandsregionen og namnet på fylkeskommunen blir Vestlandet fylkeskommune.
- b) Fellesnemnda får i oppgåve å etablere eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei tre Vestlandsfylka. Det historiske perspektivet bør vere reflektert i merket.
- c) Namnet bør formelt sjekkast nærare ut opp mot Norsk Språkråd.

### 4. Representantar i regiontinget

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om temaet, og det vart halde ei innleiing før forhandlingsutvala drøfta dette. Det var i drøftingane av [kap. 3.2](#) i intensjonsplanen semje om følgjande:

- a) Tal representantar i Vestlandsregionen sitt regionting blir 71.
- b) Kommunelova seier at tal fylkestingsrepresentantar skal vere eit oddetall. Samtidig heiter det at fylke med over 300 000 innbyggjarar skal ha minst 43 representantar. Endringar skal avgjerast av fylkestinget seinast 31.12. det nest siste året av ein valperiode, med verknad for komande valperiode.
- c) Status for fylkestinga per 2016:
  - o Rogaland: 47 repr. (10 003 innbyggjarar/representant).
  - o Hordaland: 57 repr. (9061 innbyggjarar/representant).
  - o Sogn og Fjordane: 31 repr. (3533 innbyggjarar/representant).
- d) Det vart i tillegg understreka at det er dei politiske partia som bør ha ansvaret for å sikre god representasjon gjennom sine nominasjonsprosessar.
- e) Det vart særleg framheva at Vestlandsregionen treng reelle regionpolitikarar.
- f) Tal representantar kombinert med ei tenleg valordning er viktig i høve til å trygge innbyggjarane på at dei, og deira interesser, er ivaretekne og representerte.
- g) Vi bør tidleg greie ut korleis det nye regionale demokratiet skal fungere i praksis. Fellesnemnda bør m.a. gjere ei vurdering når det gjeld behovet for frikjøp for politikarar ved stor reisebelastning. Vi må sikre arbeidsvilkår som gir tid og oppgåver slik at den enkelte får gjort ein god jobb.

### 5. Valordning for Vestlandsregionen

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om temaet, og det vart halde ei innleiing før forhandlingsutvala drøfta dette. Det var i drøftingane av [kap. 3.3](#) i intensjonsplanen semje om følgjande:

- a) Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins.
- b) Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019, med atterhald om at dette vert godkjent som overgangsordning inntil Stortinget har gjort nødvendige grunnlovsendingar knytt til den norske valordninga. Ordninga vil vere i tråd med, og ei vidareføring av, gjeldande norsk vallov, men nye grenseinndelingar må formelt justerast gjennom grunnlovsending.
- c) Representantane i regiontinget skal ta viktige avgjerder på vegne av alle innbyggjarane i den nye regionen. Forhandlingsutvala la vekt på at dei politiske partia i sine nominasjonsprosessar har gode tradisjonar for å utarbeide vallister som speglar mangfald og breidde blant innbyggjarane. Dette blir sentralt for å oppnå politisk tillitsbygging og ønska legitimitet for det folkevalde regionale nivået.
- d) Den geografiske samansettinga av fylkestinget i Hordaland er i dag slik at det av 57 representantar er til saman 40 representantar som kjem frå andre kommunar enn Bergen. Distriktskommunane er såleis

representerte på ein god måte i høve til det vi kan forvente er «by-interessene» frå Bergensrepresentantane. I fylkestinget i Rogaland er i dag dei folkerike og tunge bykommunane Stavanger, Sandnes, Eigersund og Haugesund representerte med 47% av representantane.

- e) Fylkesrådmennene vart i møtet utfordra til å gjere eit kortfatta utgreiingsarbeid før forhandlingsrunde 3 (14.-15.09.). Utgreiinga skulle gjere greie for mulegheita for ei ordning der t.d. 62 av dei 71 representantane i eit framtidig regionting vert valde direkte frå det samla valdistriktet (vanleg prosedyre i ein valkrins), medan dei siste 9 representantane vert valde frå kommunane i dei tre noverande fylka som utjamningsmandat.
- f) Fylkesrådmennene understreka at KMD vil kome tilbake til Stortinget med presiseringar omkring framtidig valordning samtidig med ny regionstruktur våren 2017. Her vil det også bli gjort nærare greie for mulegheita for å behalde dagens fylkesgrenser som valdistrikt til Stortinget.

## 6. Politisk styringsform for Vestlandsregionen

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat om politisk styringsform, og det vart halde ei innleiing før forhandlingsutvala drøfta dette. Det var i drøftingane av kap. 3.4 i intensjonsplanen semje om følgjande hovudelement:

- a) Formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for Vestlandsregionen.
- b) Modellen er basert på konsensus og maktspreiing. Politiske organ vert samansett etter representasjon i fylkes-/regiontinget.
- c) Det er eit tydeleg skilje mellom politikk og administrasjon, der administrasjonssjefen har eit sjølvstendig ansvar for ei forsvarlig sakshandsaming. Forhandlingsutvala meiner desse prinsippa best vil ivareta dei ulike interessene innanfor ein framtidig Vestlandsregion.

## 7. Offentleg høyring og innbyggjarhøyring

Forhandlingsutvala fekk innleiingsvis ein kort presentasjon om temaet, og konkluderte med følgjande:

- a) Det vert lagt opp til at dei tre fylkeskommunane kvar for seg gjennomfører ei offentlig høyring etter at fylkestinga har behandla intensjonsplanen for samanslåing. Kommunane representerer innbyggjarane i stor grad, og bør vere ein sentral høyringsinstans.
- b) Fylkeskommunane avgjer om det er aktuelt å gjennomføre ei innbyggjarundersøking i tillegg. Fylkesrådmennene sjekkar ut formelle fristar for å søke KMD-støtte til ei innbyggjarundersøking.
- c) Høyringsmøte saman med t.d. KS kan vere ein tilleggskanal for å hente inn synspunkt og for å informere innbyggjarar og regional partnerskap.

## 8. Tilsette i reformprosessen og i Vestlandsregionen – avklaring etter forhandlingsmøte 1

Forhandlingsmøtet 18.-19. august konkluderte ikkje i saka om dei tilsette i reformprosessen og vidare i Vestlandsregionen, jf. hovudpunkt 4 i referatet. Følgjande tema og drøftingspunkt vart trekte fram:

- a) Vestlandsregionen skal skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. For å sikre størst muleg forutsigbarheit i organisasjonen, er det ønskeleg å fastsette eit vern mot oppseiing som ein direkte konsekvens av regionreforma.
- b) Det vert lagt opp til eit stillingsvern på fem år som ein direkte konsekvens av regionreforma (gjeld ikkje løpande justeringar som følgje av endring i opplæringstilbod, budsjettendringar m.m.). Dette skal vere eit vern mot å bli sagt opp, og *ikkje* eit vern mot nye arbeidsoppgåver.

- c) Ekstra midlar til etter- og vidareutdanning bør vurderast lagt i ein felles «pott». Dette kan vere t.d. 1% eller 4% av lønnsmassen i heile organisasjonen. Ei konkret løysing for dette må fylkesrådmennene sjå nærare på og utvikle ein modell for.
- d) I Sogn og Fjordane fylkeskommune er 22% mellom 60 og 69, Hordaland fylkeskommune har 21% og Rogaland fylkeskommune har 22%. Alle har flest kvinner i dette alderssegmentet. Ein relativt høg andel tilsette i denne aldersgruppa forsvare eit stillingsvern på fem år.
- e) I samband med fylkeskommunane sitt omdøme er det viktig å synleggjere at dette ikkje er etterløn eller fallskjermar, men ei reell sikring av arbeidsplassar og kompetanse til organisasjonen som heile. Arbeidsplikt, styringsrett og ingen sluttvederlagsordningar er viktig å presisere.
- f) Vi må samtidig ha tydelege ambisjonar om å rekruttere dyktige medarbeidarar. Eit stillingsvern på fem år vil vere nyttig også i dette perspektivet.
- g) Dei tillitsvalde sine ressursar i omstillingsperioden/fellesnemndperioden skal greiast nærare ut.
- h) Tilrådd tekst i intensjonsplanen ligg fast, med fem års presisert stillingsvern. Forhandlingsutvala stadfesta konklusjonen frå 18.-19.08., der det gjekk fram at det skal settast ned ei arbeidsgjevarpolitisk prosjektgruppe frå 01.02.2017 som får i oppgåve å starte planlegging av gjennomføringa basert på alle gjeldande retningslinjer og lovverk knytt til verksemdsoverdraging.

## 9. Politisk og administrativ organisering – innleiande drøfting

Fylkesrådmann Rune Haugsdal heldt på slutten av møtedag 1 ein første, innleiande presentasjon omkring mulege organisasjonsval for ein framtidig Vestlandsregion. Føremålet med innleiinga var å peike på nokre alternativ til korleis regionen kan organiserast med tanke på politisk leiing, administrativ leiing og ei ev. framtidig arbeidsdeling på Vestlandet.

Etter innleiinga vart det gjort ei første drøfting mellom forhandlingsutvala knytt til kva faktorar som bør vektleggast med omsyn til politisk og administrativ organisering. Ei hovudinnvending mot dei skisserte modellane i innleiinga gjekk ut på at samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige organisering og tenesteyting. Dette er tydeleggjort i intensjonsplanen sitt kap. 5, og bør vise igjen i måten vi arbeider og organiserer oss på.

### Dag 2

Møteleiar fylkesrådmann Rune Haugsdal, Hordaland fylkeskommune.

## 10. Framtidig tenesteyting – avklaring etter forhandlingsmøte 1

Forhandlingsmøtet 18.-19. august konkluderte ikkje i saka om prinsipp for den framtidige tenesteytinga i Vestlandsregionen, jf. hovudpunkt 3 i referatet. Følgjande tema og drøftingspunkt vart no trekte fram:

- a) Forhandlingsutvala ønskjer at kap. 5 i intensjonsplanen, «Framtidig tenesteyting», nemner nokre av dei mest sentrale tenesteområda som regionnivået har i dag. Like eins skal intensjonsplanen syne openheit for at regionen i framtida skal tilby tenester innanfor nye fag- og tenesteområde (oppgåver).
- b) Vidaregåande opplæring utgjer eit stort budsjettområde for dagens fylkeskommunar. Det er den største sektoren i tal tilsette og sektoren har eit stort tal brukarar. Dette gjer det naturleg å halde fram denne fylkeskommunale sektoren spesielt i kap. 5.
- c) Vestlandsregionen skal vidareutvikle tenestetilbodet gjennom ein brei, brukarnær og desentralisert struktur. Regionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane på heile Vestlandet.
- d) Det kan ligge ei utfordring i omgrepsbruken «brukarnær og desentralisert struktur», då dette er omgrep med ulik tyding for ulike fylke. I samband med t.d. *skulebruksplanarbeidet* i dei tre



fylkeskommunane vil desse omgrepa kunne representere ei utfordring. Vi kan ikkje tilby alt av tenestetilbod alle stader, men desentraliserte og brukarnære tenester er likevel eit ønska prinsipp.

- e) Eit anna omgrep som bør inngå i tekstdelen i kap. 5 i intensjonsplanen er «berekraft».
- f) Fylkesrådmennene runda denne delen av med å løfte følgjande tekstutkast fram:
  - 1) *Vestlandsregionen vidareutviklar tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur. Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane på heile Vestlandet gjennom:*
    - *Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med friheit til å velje studieprogram*
    - *Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem*
    - *Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjer*
    - *Eit kulturtilbod med tilgjengelege idrettsanlegg*
  - 2) *Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.*
  - 3) *Befolkningsutviklinga legg premisser for regionen si disponering av økonomiske ressursar, og er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot storbyane og distrikta.*

## **11. Regiontinget sine samlingar og regionutvalet sine møte**

Fylkesrådmennene hadde på førehand sendt ut eit notat, og det vart halde ei innleiing før forhandlingsutvala drøfta dette. Det var i drøftingane av [kap. 3.5](#) i intensjonsplanen semje om følgjande:

- a) Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Samlingar utover dette vert lagt til administrasjonssenteret.
- b) Regionutvalet og politiske underutval sine møte ambulerer mellom Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Desse møta vert eventuelt lagt til andre stader i regionen. Fleksibilitet er eit stikkord.
- c) Det vert samtidig viktig at dei politiske utvala har ein «hovudbase».
- d) Det vert sett på som svært viktig at Vestlandsregionpolitikarane blir kjende i og med regionen. Stikkord er tillit og legitimitet.

## **12. Mål for samanslåing – formuleringar i intensjonsplanen**

Fylkesrådmennene hadde etter møtet 18.-19.08.16 oppdatert intensjonsplanen, og dette låg til grunn for gjennomgangen. Det var i drøftingane semje om følgjande:

- a) Følgjande formulering skal innarbeidast i innleiinga i intensjonsplanen: «Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 1,1 mill. innbyggjarar at vi får overført ansvaret for fleire store samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag.»
- b) Intensjonsplanen skal få tydeleg fram at regionen skal vere ein sterk folkevald aktør nasjonalt.
- c) Demokratisk styring av viktige samfunnsoppgåver og makt til folkevalde regionar må synleggjerast. Dette bør ev. framhevast som hovudmål nr. 1.
- d) Intensjonsplanen bør bli tydelegare på at Vestlandsregionen har ambisjonar innan næringsutvikling.
- e) Eitt delmål kan vere knytt til ambisjonen om ein større andel av statlege arbeidsplassar til regionen.
- f) Kulturområdet bør synleggjerast i intensjonsplanen, og gjerne i målformuleringane i kap. 2. Vi bør legge opp til å bruke kultur som strategisk identitetsskapar.

- a) Det vart her elles løfta fram ei problemstilling om ambisjonar rundt hovudtransportårene knytt til Vestlandet bør uttrykkast i intensjonsplanen. Kommunikasjon er ei hovudutfordring for Vestlandsregionen, og temaet vert teke opp att under forhandlingsrunde 3 i Førde.

### **13. Førebuing til fellesmøte med kommunal- og moderniseringsministeren 07.09.16**

Fylkesrådmennene fekk i oppgåve å førebu ein presentasjon/«hand-out» til møtet med kommunal- og moderniseringsministeren 07.09.16 der følgjande element burde belyst særskilt:

- b) Vestland fylka sin prosess – kort om status.
- c) Framtidige oppgåver – vårt forventningsbrev ligg fast.
- d) Nytt ekspertutval 2017 – oppstart og forventa behandling?
- e) Generalistprinsippet – fast eller opning for oppgåvedifferensiering?
- f) Vestlandsregionen – for stor i det nye forvaltningslandskapet (jf. kommunestruktur)?
- g) Fordeling av statlege arbeidsplassar – strategi, plan og tidsløp?
- h) Fylkesmannsstrukturen – tidspunkt, oppgåver, grenser, lokalisering (ein del av «kabalene»)?
- i) Valordning, økonomi og organisering – kor stor fridom har vi?
- j) Fylkesvise innspel og lokale utfordringar.

### **14. Politisk og administrativ organisering (framh. frå dag 1)**

Forhandlingsutvala heldt under dag 2 fram den innleiande drøftinga om mulege organisasjonsval for ein framtidig Vestlandsregion. Følgjande punkt vart sett søkelyset på:

- a) Politisk og administrativ leiing/organisering heng nært saman. Ein fruktbar veg å gripe an dette temaet på kan difor vere å starte ut med å drøfte modellar for politisk organisering. Rådmennene utfordra forhandlingsutvala til å starte ei drøfting omkring den framtidige politiske organiseringa.
- b) Forhandlingsutvala konkluderte med at det vil vere eit naturleg utgangspunkt å etablere 3–5 hovudutval.
- c) Forhandlingsutvala konkluderte med at Bergen blir administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.
- d) Det vart også drøfta kor langt forhandlingsutvala må gå i å konkretisere politisk og administrativ leiing og organisering i samband med intensjonsplanen. Ei mulegheit vil vere å overlate til fellesnemnda å fastsette politisk organisering, og vidare delegere administrativ organisering til administrasjonssjefen.
- e) Det vil her vere relevant å legge til grunn eit prinsipp om å i stor grad sikre ein desentralisert struktur og forholdsmessig lik fordeling av administrative ressursar og sentrale leiarfunksjonar til Stavanger, Leikanger/Førde og Bergen.
- f) Temaet vert ytterlegare drøfta under siste forhandlingsrunde 14.-15.09.16.

-----

**PS 237/16 Ymse**